

40 meter lang forstøtningsmur ved Kunstgrasbanen.

23.05.2019



Førstøtningsmuren i eine hjørne på Kunstgrasbanen vert gjort klar for støyping.

Fire mann frå Ersland Forskaling har den siste veka forskalt og gjort klart for støyping med det som vert ein 40 meter lang mur i eine hjørnet på Kunstgrasbanen. Øystein Ersland er dagleg leiar i firma, som har spesialisert seg på betongarbeid,- forskaling, jernbinding og støyping. Betongen vart i går levert frå Dimmelsvik Betong.

Muren er med fundament 2,30 meter høg. Den synlege deler vil vera i ei høgde på 2 meter. Det gjekk med 15 kubikk betong.

Steinar Haugland i prosjektet Gull av grus fortel til Uskedalen.no at det vert gjort eit stort og omfattande arbeid med opprustning av område. All laus stein skal vekk og det kjem asfalt rundt banen og opp til parkeringsplassen.

For å flata ut lende, må det på plass nokre murar. Dermed vert det enklare å slå og halda område fint. I hjørnet ved denne muren kjem det på sikt ein skaterampe. Det er ikkje økonomi til ta alt med ein gong. Noko må venta.

Dugnadsgruppa har alt fjerna laus stein, lagt opp ein mindre mur og slått graset rundt treningsapparata. Idrettslaget er godt nøgd med god støtte og hjelp frå denne gruppa, også det arbeidet som no vert gjort på Heio.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



I dette hjørnet av banen skal det på sikt koma ein skaterampe.